

Brit Humberst Hagen og  
Guttorm Hagen, Hagevegen 51  
6152 Ørsta

## **NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)**

**Postboks 5091**

**Majorstua 0301 OSLO**

### **UTTALE TIL HØYRING AV REVISJONSDOKUMENT – MØREVASSDRAGET I VOLDA KOMMUNE**

Dykkar ref.: 201401566

Vi har hytteeigedom ved Grøndalsvatnet, gnr. 59, bnr. 16 i Volda.

Brit Humberst Hagen har følgd med reguleringa av Grøndalsvatnet sidan 1965, Guttorm Hagen sidan 1976. I mange år var Grøndalsvatnet lite og skånsomt nedtappa om sommaren. Ved påsketider kunne vi sjå at vatnet hadde vorte meir nedtappa om vinteren, så steig nivået med snøsmelte og nedbør.

Reguleringa var tilpassa behovet for større energiproduksjon vinterhalvåret.

Grøndalsvatnet ligg solrikt til, og det kan vere svært høge temperaturar i Grøndalen i dagevis om sommaren. I juli 2025 har vi på det meste målt +33-+ 36 i skuggen. Dei siste åra har vi opplevd kraftig nedtapping av vatnet høgsommar, noko som har medført at botnvegetasjon har vore brunsvidd og tørr over veldig store areal. I fleire område er vatnet langgrunt, og sterk nedtapping om sommaren får såleis store konsekvensar for botnvegetasjonen, og dermed også for førekomsten av aure i vatnet.

For få år sidan kunne vi sjå fiskender på vatnet om sommaren, dei siste åra har vi ikkje sett fiskender. For kring 25 år sidan såg vi at lom hekka på Åsane sør for vatnet. No kan vi sjå lom av og til på Grøndalsvatnet, men den hekkar ikkje i nærleiken av vatnet lenger. Sommaren 2025 ser vi lite fisk som vakar,- mindre enn før.

I slutten av juli 2025 kunne vi sjå svært lite vassstilsig til Grøndalsvatnet. Til dømes var elva frå Litlevassdalen tørrlagd. Likevel har nedtapping av Grøndalsvatnet så langt sommaren 2025 vore akseptabel. Om sommaren bør nedtapping tilpassast tilsig og nedbørsmengd.

Botnvegetasjonen vert i liten grad påverka av moderat nedtapping, det vil seie kring 2 meter frå topp vasstand når det er høgsommar.

Vi trur at to år med sterk nedtapping høgsommar har påverka fiskebestanden i Grøndalsvatnet negativt. Det eine året vart det gjort utbetring av lukene og inntaket, men arbeidet trekte ut i tid.

For oss er friluftslivet og dei visuelle inntrykka viktig, men konsekvensar av hard nedtapping sett i høve til topografi, flora og fauna i området bør klargjerast.

#### **VIDARE UTGREIING:**

Som nemnd på synfaringa bør botnterrenget i Grøndalsvatnet kartleggast, slik det er gjort for ein del fjordar på Sunnmøre. På den måten vil ein sjå kor store areal i magasinet som vert tørrlagd ved ulik grad av nedtapping.

Om sommaren bør nedtapping av Grøndalsvatnet tilpassast vasstilsiget til Grøndalsvatnet.

Det bør utførast ny kartlegging for fiskebestand og næringstilgang for aure i Grøndalsvatnet.

Vi kan nemne at det er svært rikt fugleliv kring Grøndalsvatnet, og der er mange insekt og fugleartar som vi ser lite av elles. Kring halve vatnet er det dels gammal olivinfuruskog kring 450 meter over havet, fordelt på to fylker. **Statsforvaltaren i Møre og Romsdal** og **Statsforvaltaren i Vestland** bør sjå på området også i eit vidare perspektiv, inkludert framtidig regulering.

Oppdatert sakkunnig uttale i høve til flora og fauna for området bør innhentast. Det gjeld begge sider av fylkesgrensa.

Nedslagsfeltet til Grøndalsvatnet er fordelt på to fylke, og fylkesgrensa strekk seg over vatnet.

Som brukarar av Grøndalen ynskjer vi moderat nedtapping av Grøndalsvatnet frå midten av juni til midten av september månad. Kring 2 meter nedtapping vil vere akseptabelt for oss.

Med fjernstyrt opning og stenging av luker kan Tussa tilpasse nedtapping slik at konsekvensar av nedtapping om sommaren ikkje vert store.

Ørsta, 1.8. 2025

Venleg helsing

Brit Humberst Hagen og Guttorm Hagen

Vedlagt er foto av Litlevassdalselva og Grøndalselva.



Grøndalselva, 26.7. 2025 – svært lita vassføring. Foto er teke oppstrøms.



Litlevassdalselva, 26.7. 2025 – elva er tørrlagd. Foto er tek oppstraums.

Fotografia syner at tilsiget av vatnet til Grøndalsvatnet i periodar høgsommar kan vere svært lite.